



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato
29.10.2013
Dykkar dato
06.09.2013

Vår referanse
2013/11591 008
Dykkar referanse
13/4089

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyring – forslag til endringar i opplæringslova, privatskulelova og folkehøgskulelova.

Høyringsuttale frå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

Vi viser til høyringsbrev av 6. september 2013, med høyringsfrist 6. desember 2013.

Det vart sett ein god høyringsfrist av departementet. Utover dei merknadane Fylkesmannen i Hordaland gjev under, ynskjer Fylkesmannen i Hordaland endringane velkomen.

Presisere kravet om forsvarleg system for å følgje opp lovverket.

Dette er ei viktig presisering i lovteksten, som også vil vera til stor nytte ved tilsyn på området. Men det første strekpunktet er noko tungt formulert og kunne med fordel blitt delt opp i fleire setningar.

- *ansvarsforholdene for oppfølgingen skal være klargjort og oppfattet av de ansvarlige på ulike nivå i organisasjonen, herunder også rapporteringsansvaret oppover dersom et ansvarsnivå kommer til at det ikke er mulig å oppfylle lov og forskrift innen de rammefaktorer ansvarsnivået har til rådighet.*

Når opplæringslova er skreve på nynorsk så kunne ein forventa at også framlegget til endringar i lovteksten var skreve på nynorsk i høyringsutkastet. Det er viktig at vi gjev tilbakemelding på den teksten som faktisk er tenkt å stå i lova. Omsetting mellom målføra kan ofte føre til at det også vert nødvendig med endring i struktur- og setningsbygging.

Med helsing

Anne Hjermann
undervisningsdirektør

Grethe Fjeld
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.